



Hjelmås Vvs As  
Torvhusmyrane 2  
5913 Eikangervåg

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/694 - 23/7112

Saksbehandlar:  
Jan Kvingedal  
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
31.08.2023

## Melding om delegert vedtak - Søknad om løyve til tilkopling til kommunalt vatn og avlaup - tremannsbustad - gbnr 59/20

Me syner til søknad motteken 11.07.23 og supplerande opplysningar 16.08.23

**Administrativt vedtak. Saknr: 079/2023**

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknytning og godkjenner søknad om tilkopling til kommunalt vatn og avlaup for 3-mannsbustad på gbnr. 59/20, Einestrاند, på fylgjande vilkår:

1. Tilknytingsavgifta skal vera betalt før tilkopling til kommunalt vassverk og avlaup.
2. Dersom det er behov for trykkreduksjon eller trykkauke er det tiltakshavar som er ansvarleg for kostanden med dette.
3. Det er tiltakshavar som er ansvarleg for at anlegget i huset er dimensjonert for vasstrykket på den kommunale leidninga
4. Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er avslutta og før det vert gjeve ferdigattest.

**Hjelmås VVS AS vert godkjent som søkjar, prosjekterande og utførande for tiltaket.**

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

## Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
	Tilknytningsavgift vatn, 0-70 m2 BRA	3 stk, 50%	38.306,25
	Tilknytningsavgift avlaup, 0-70 m2 BRA	3 stk, 50%	49387,50
	Totalt gebyr å betala		87.693,75

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

## Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

## SAKSUTGREIING:

### Tiltak

Saka gjeld søknad om tilknytning til kommunal vass og avlaupsleidning.

### Fakta

Utbyggar av feltet har etablert infrastruktur for vassforsyning og avlaup. Dette anlegget vert overteke av Masfjorden kommune når det er ferdig.

### Vurdering

Søknad er iht. kommunal forskrift for vatn og avlaup

### Konklusjon

Det vert gjeve løyve til tiltaket jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Jan Kvingedal  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Mottakarar:

Hjelmås Vvs As

Torvhusmyrane 2 5913

Eikangervåg